

REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR



Tid: 29.10.18, kl 11.30

Stad: Kjevikdalen

Desse representantane møtte:

Austrheim: Hardy Pedersen, Gro Kaland
Fedje: Ingmar Stuberg, Tonje Sulen Gullaksen
Gulen: Rune Håvåg, Margrethe Thune Trædal
Lindås: Leif Hosøy Sleire, Leidulv Brunborg, Nina Stabell Øvreås
Masfjorden: Birger Wergeland
Meland: Tormod Skurtveit, Mabel Ingeborg Johansen
Modalen: Liv-Anne Aanesen (leiar), Frank Stian Steinsland
Radøy: Torill Helland, Leif Taule
Solund: Linne Lending, Steinar Krakhellen

Frå styret:

Helge Fjellanger (styreleiar), Henrik Kjøpstad (tilsettrepresentant) og Ragnhild Tykhelle Langøy

Frå administrasjonen:

Bjørn Berg (dagleg leiar, ref.), Erlend Kleiveland (økonomisjef) og Hilde Lysø (seniorrådgjevar) (t.o.m. sak 18/18)

Sakliste:

Sak 13/18 Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 14/18 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
Sak 15/18 Meldingar
a) Diverse munnleg orientering
b) Benchmarking – korleis skårar NGIR samanlikna med andre avfallsselskap
Sak 16/18 Kommunesamanslåing – trong for endring av selskapsavtale
Sak 17/18 Sal av tomt i Knarvik
Sak 18/18 Godtgjersle til styre og representantskap
Sak 19/18 Investeringsbudsjett 2019
Sak 20/18 Driftsbudsjett 2019
Sak 21/18 Renovasjonsgebyr 2019
Sak 22/18 Slamgebyr 2019
Sak 23/18 Økonomiplan 2019-2022

Møtet starta med namneopprop, og deretter mat.
Liv-Anne Aanesen leia møtet.

Sak 13/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent av representantskapet.

Sak 14/18 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll

Framlegg i møtet:

Gro Kaland og Rune Håvåg skriv under protokollen, i tillegg til representantskapsleiar Liv-Anne Aanesen.

Samrøystes godkjent av representantskapet.

Sak 15/18 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering - om deponi, drift og reinseanlegg.

Bjørn Berg orienterte.

Fleire investeringar er på gang i Kjevikdalen:

- 1) Sorteringsplate på ca 5 mål er i ferd med å verta klar. Denne skal gje betre fraksjonshandtering for mellom anna treverk og metall. På sikt vil det bli naudsynt med tak over deler av plata, grunna krav i driftsløyvet.
- 2) Bygging av reinseanlegg er no ute på anbod med anbodsfrist 26.11. Administrasjonen si målsetting er å ha driftstart for anlegget innan utgongen av 2019.

Deponiet i Kjevikdalen:

Etter oppmåling (3D-fotografering) er estimert restvolum ca 1 000 000 m³. Dette kan omsetjast til 30 års vidare drift, viss ein legg til grunn 1,5 tonn/m³ og ei deponimengd på 50 000 tonn/år.

Marknaden for lettare forureina masser vert vurdert som veksande, og representantskapet fekk sjå døme på kva eit relativt kjend bygg som Odontologen på Årstad i Bergen kostar å verta kvitt når rivingsmassane skal leverast til deponi.

b) Benchmarking

Erlend Kleiveland orienterte.

I regi av Avfall Norge vert det annakvart år gjennomført benchmarking, der ein samanliknar ulike renovasjonsselskap på område som m.a. effektivitet, tenestestandard og kundetilfredsheit.

Resultata viser at NGIR har relativt hyppig henting av avfall i forhold til dei andre selskapa som er med i benchmarkinga, og god behaldarkapasitet til kundane.

NGIR scorar som gjennomsnittet når det gjeld miljøstandard, litt over middels på arbeidsmiljø, godt over middels på tenestestandard, og heilt i toppsjiktet når det gjeld kundetilfredsheit. På effektivitet ligg NGIR blant dei beste, medan gebyrnivået var mellom dei høgste. Likevel er kundane til NGIR blant dei som er mest nøgd med kva ein betalar for tenestene. Dette kan ha samband med politikken om «all inclusive»; ein betalar t.d. ikkje noko ekstra når ein leverer på ein gjenvinningsstasjon eller ved vår- og haustryddinga. Benchmarkinga gjev relativt detaljerte tilbakemeldingar på kvar ein har forbettringspotensial, og dette vil verta arbeid vidare med. Utfordringa er at det er sjeldan ein kan finna tiltak som betrar både miljø, økonomi og kundetilfredsheit; som regel må ein prioritera kva ein meiner er viktigast i det einskilde høvet.

Benchmarkinga viser at når det er vanskelege rammevilkår (t.d. grisgrendte strøk) er det generelt sett høgare gebyr og/eller lågare tenestestandard. Benchmarkinga viser og at det generelt sett er høgare kundetilfredsheit ved høgare tenestestandard, medan det ikkje er samband mellom effektivitet og storleik på selskapa. Det er heller ikkje samband mellom effektivitet og grad av konkurranseutsetjing.

Representantskapet tok dei munnlege orienteringane til vitring.

Sak 16/18 Kommunesamanslåing – trong for endring av selskapsavtale

Saksutgreiing

Sjå orientering/saksutgreiing i styresak 19e/17, styresak 24/17, i representantskapsak 12/17, protokoll frå representantskapsmøte 05.03.18, og saksutgreiing til representantskapsak 12/18. I sistnemnde sak gjorde representantskapet følgjande vedtak:

“Representantskapet ber styret i NGIR om å leggja fram forslag til naudsynte endringar i NGIR sin selskapsavtale, knytt til etableringa av Alver kommune, til representantskapsmøtet hausten 2018.”

Dette vedtaket kom m.a. som følge av orienteringa som Ørjan Raknes Forthun (som i dag er rådmann i Lindås kommune, og som vil verta rådmann i den nye Alver kommune) hadde i starten av representantskapsmøtet:

”Forthun informerte om organisering og leiarstruktur i nye Alver kommune, og om alle delprosjekta som er sette i gong for å førebu den nye kommunen. Til no er om lag 100 prosjekt definert, og «Prosjekt IKS og eigarskap» vil venteleg ha fokus frå 1.1.2019 til midten av 2020.

Forthun gjorde greie for korleis den politiske overgangen til ny kommune vil verta, og kva mynde Fellesnemnda har i samband med dette. Det er Forthun sitt syn at Fellesnemnda ikkje kan gjera vedtak om endringar i selskapsavtalen for NGIR, og at det difor må vera det nyvalde kommunestyret for Alver kommune (valt av innbyggjarane i Lindås, Meland og Radøy kommunar ved kommunevalet i september 2019) som i nov./des. 2019 vedtek naudsynte justeringar i NGIR sin selskapsavtale, slik at NGIR sine vedtekter har ein korrekt ordlyd når Alver kommune vert ein realitet frå 01.01.2020. Forthun understreka at det er særskilte formalitetar som må på plass kring etableringa av Alver kommune, og at det difor berre vil vera kapasitet til å gjera endringar av ”formell karakter” i NGIR sin selskapsavtale før den nye kommunen er etablert. Forthun kan ikkje sjå at det skal by på problem å få gjort likelydande vedtak knytt til dette i alle kommunestyra i NGIR-kommunane hausten/vinteren 2019. Forthun varsla at Alver kommune truleg vil koma tilbake til ein meir omfattande gjennomgong av NGIR sine vedtekter på eit seinare tidspunkt, der t.d. representasjon i styrande organ vert tema. (Tilsvarende prosessar vil og verta gjennomført for andre IKS som Alver kommune skal delta i.)”

Administrasjonen har gått gjennom NGIR sin gjeldande selskapsavtale, og sett på kva endringar som er naudsynte å gjera som følge av etableringa av Alver kommune. Då det er grunn til å tru at det kan gå noko tid etter 01.01.2020 før selskapsavtalen til NGIR vert revidert på nytt, kan det vera tenleg å no og få på plass ein del andre ”justeringar”, som t.d. ”språkvask” og å oppdatera referansar til anna lovverk. Nokre stader er innhald/formuleringar og føreslått endra som følge av endra praksis (t.d. at protokollar frå representantskapsmøte og styremøte vert sendt til alle varamedlemmer, no som dette er enkelt å gjera per e-post). Administrasjonen har og bede jurist hjå KS Bedrift om innspel til gjeldande selskapsavtale, og nokre endringar er føreslått på grunnlag av dette.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å vedta dei føreslegne endringane i dei paragrafane i selskapsavtalen som representantskapet har mynde til å endra med 2/3 fleirtal, jf. § 33. For

endringane i dei paragrafane som må godkjennast av alle medlemskommunane rår styret representantskapet til å tilrå dei føreslegne endringane for kommunane. Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund vert bedne om å handsama saka våren 2019, og å gjera vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak. Kommunane Lindås, Meland og Radøy vert bedne om å førebu saka for handsaming i kommunestyret i nye Alver kommune i nov./des. 2019, med vedtak om at revidert selskapsavtale for NGIR skal gjelda frå 01.01.2020, under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.

Samrøystes vedteke av styret 08.10.18.

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Sak 17/18 Sal av tomt i Knarvik

NGIR har alltid praktisert at det er representantskapet som – etter forslag frå styret – gjer vedtak om investeringar som er av vesentleg betydning for selskapet, då det er representantskapet som gjer vedtak om NGIR sin økonomiplan og investeringsbudsjett (på representantskapsmøtet i slutten av oktober kvart år). Då NGIR har liten erfaring med sal av fast eigedom, har ein diverre ikkje vore kjent med at det også er representantskapet som må gjera slikt vedtak. Salet av tomta i Knarvik gav i tillegg god vinst (ho vart kjøpt for kr 500 000 pluss omkostningar i 1996), og det gjorde og sitt til at ein ikkje automatisk tenkte at dette var ei sak som representantskapet måtte avgjera. For å få det formelle i orden, vil dagleg leiar føreslå at styret ber representantskapet om å gjera vedtak om at dei ikkje har innvendingar mot det tomtesalet som er gjennomført.

Eventuelle framtidige planar om sal av fast eigedom hjå NGIR vil, i tråd med lovverket, verta lagt fram for representantskapet for vedtak.

I "H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester" heiter det:

"Ved salg av anleggsmidler tillegges differansen mellom anleggsmidlets restverdi og salgssum årets inntekter eller kostnader i selvkostkalkylen. Ved utrangering av anleggsmidler tillegges eventuell restverdi årets kostnader som en nedskrivning i selvkostkalkylen."

Etter rekneskapslova skal vinst ved sal av eigedom førast som inntekt, og inngår difor i resultatet. Ein slik vinst, alt anna like, vil påverka resultatet positivt og dermed auka

sjølvkostfondet. Det er m.a.o. samsvar mellom rettleiaren og lovverket her. Men i lov om IKS § 21 står det at "Midler som innkommer ved salg av eiendeler som nevnt i § 25, kan ikke brukes til å dekke løpende utgifter." Eit sjølvkostfond vert brukt til å dekkja eit over- eller underskot i tenesta, og strengt tatt er eit overskot då med på å "dekke løpende utgifter", fordi ein nyttar inntekter frå sjølvkostfondet i staden for gebyrinntekter til å finansiera kostnadene. NGIR har kontakta revisor for å få avklart om § 21 i lov om IKS skal tolkast slik at ein vinst ved sal av eigedom ikkje skal inngå i resultatet (og dermed sjølvkostfondet), og viss svaret på det er ja, korleis ein då skal bokføra ein vinst ved sal av eigedom.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Tomta etter gjenvinningsstasjonen i Knarvik vart seld i juni 2018 for 7,6 mNOK. Tomta vart kjøpt for kr 500 000 pluss omkostningar i 1996. Representantskapet var orientert om at prosessen med salet av tomta var sett i gong, men det var styret som gjorde sjølve vedtaket om salet. Etter IKS-lova § 25 er det representantskapet som skal gjera vedtak om sal av fast eigedom. Styret ber difor representantskapet om å i ettertid gje si tilslutning til det aktuelle salet.

Representantskapet gjev si tilslutning til at tomta etter gjenvinningsstasjonen i Knarvik vart seld i juni 2018 for 7,6 mNOK.

Sak 18/18 Godtgjersle til styre og representantskap

I NGIR sin selskapsavtale, § 9 Representantskapet sitt mynde, er m.a. "Fastsetja godtgjersle til representantskap og styre" nemnt som ei av sakene som representantskapet som hovudregel skal handsama på årsmøtet. Hjø NGIR har det ikkje vore vanleg å ha dette som fast sak, som følgje av at dei fleste satsane for godtgjersle for ein del år sidan vart knytt opp til løn til dagleg leiar, og dermed fekk ei automatisk regulering. Førre gong NGIR sitt regulativ for godtgjersle til styre og representantskap vart revidert var hausten 2012.

NGIR har fått innspel om at det i ei rekkje andre selskap (t.d. Tomteselskapet og Knarvik Industri og Miljø i Lindås kommune) er slik at sak om fastsetting av godtgjersle til styrande organ vert handsama årleg, sjølv om ein då ofte gjer vedtak om at satsane ikkje vert endra. På denne måten sikrar ein at regulativet likevel vert vurdert med jamne mellomrom, og ein syt for at regulativet vert gjort kjent – både internt og eksternt.

Mange av NGIR sine satsar for godtgjersle er knytt til dagleg leiar si løn. Ein del kommunar og avfallsselskap har no valt å knyta satsar for godtgjersle (direkte eller indirekte) til løn til stortingsrepresentantar.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera følgjande vedtak:

"Godtgjersle til styre og representantskap" skal vera fast sak på NGIR sine årsmøte.

Til årsmøtet våren 2019 vert det utarbeidd framlegg til revidert regulativ for NGIR sine satsar for godtgjersle til styre og representantskap. I framlegget vert det m.a. teke omsyn til tilsvarande retningsliner/satsar i andre avfallsselskap på Vestlandet, og retningsliner/satsar i NGIR sine eigarkommunar. Satsane for godtgjersle til styre og representantskap skal i framtida vera knytt til løn til stortingsrepresentantar, i staden for – som i dag – løn til dagleg leiar.

Samrøystes vedteke av styret 08.10.18.

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Sak 19/18 Investeringsbudsjett 2018

Erlend Kleiveland orienterte.

Det er planlagt investeringar for kr 45 295 000 i 2019. Vedtak av dette investeringsbudsjettet inneber å auka investeringar med kr 4 595 000 i forhold til tidlegare investeringsbudsjett og økonomiplan, og å utsetja investeringar på kr 9 000 000 i forhold til økonomiplan. Nettoeffekten i 2019 er reduserte investeringar med kr 4 405 000 i forhold til investeringsbudsjett for 2018 og økonomiplan for 2019. Det er ikkje trong for å gjera låneopptak til investeringane (under føresetnad av at avsetjing til etterdrift ikkje vert sett på sperra konto).

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner fylgjande investeringsbudsjett:

Skildring	Sum 2019
Hjullastar	2 300 000
Liten hjullastar	1 600 000
Sorteringsmaskin	2 500 000
Gravemaskin	2 000 000
Tak over plate til sortering av treverk m.m.	5 000 000
Reinseanlegg sigevatn	15 000 000
Oppgradering bil-demontering	5 000 000
Lagerbygg gj.v.st	4 000 000

Tomteareal gj.v.st	1 100 000
Konteinarar	2 500 000
Dunkar	600 000
Diverse	3 695 000
Sum	45 295 000

Samrøystes vedteke av styret 08.10.18.

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Sak 20/18 Driftsbudsjett 2019

I driftsbudsjett for 2019 finn ein alle samlekontoar som NGIR i 2019 budsjetterer inntekter og kostnader på. Avvik frå budsjettet for 2018 er forklart.

Budsjettet er fordelt på 4 avdelingar:

- Hushald/hytter
- Næring
- Slam
- Bilvrak

Det er budsjettert med eit underskot på kr 851 000, fordelt på - kr 452 000 på hushald/hytter, + kr 262 000 på næring, - kr 682 000 på slam og + kr 21 000 på bilvrak. Underskota på hushald/hytter og slam vert dekkja av utjamningsfond. Det er budsjettert med auke i driftsinntekter på 5,4 % og auke i driftskostnader på 5,0 %.

NGIR hadde eit utjamningsfond for hushalda på + kr 1 391 887 ved starten av 2018. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert bruk av utjamningsfondet for 2018, vil fondet vera om lag 7,2 millionar kroner ved utgongen av budsjettåret. Hovudårsaka til fondsauken er vinst ved sal av tidlegare gjenvinningsstasjon i Knarvik.

NGIR hadde eit utjamningsfond for slam på kr 3 931 102 ved starten av 2018. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert endring for 2018, vil fondet vera om lag 2,7 millionar kroner ved utgongen av budsjettåret.

Det er ikkje budsjettert med avsetning til etterdriftsfond frå hushalda (framleis avsetjing til etterdriftsfond frå næringsavfall). Kravet om å nytta kalkulatorisk rente når ein reknar sjølvkostresultatet gjer at eigenkapitalen årleg aukar med minst 1 million kroner i åra framover. Dette skjer fordi dei kalkulatoriske rentekostnadene er større enn dei reelle rentekostnadene. Avsetning til etterdriftsfond er føreslått å skje ved at ein tek pengar frå eigenkapitalen og set av til etterdriftsfondet. Dette gjer at gebyra kan haldas lågare utan at ein kjem i konflikt med kravet om å nytta kalkulatorisk rente når ein reknar etter sjølvkostprinsippet.

Utrekningane av sjølvkostresultat og utjamningsfond er vist under:

	Hushald	Slam
Resultat	-452 000	-682 000
+ Rentekostnader lån	251 531	1 156
- Renteinntekter bankinnskot	258 627	5 960
- Kalkulatorisk rentekostnad	1 004 671	15 125
= Sjølvkostresultat	-1 463 768	-701 929
Utjamningsfond 01.01.2018	1 391 887	3 931 102
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2018	1 532	-666 085
Vinst sal av tomt til gjenvinningsstasjon i Knarvik	7 030 309	
Kalkulert rente utjamningsfond 2018	71 163	52 172
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2019	-1 463 768	-701 929
Kalkulert rente utjamningsfond 2019	157 639	59 979
Utjamningsfond 31.12.2019	7 188 763	2 675 238

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner driftsbudsjettet for 2019.

Samrøystes tilrådd i styremøte 08.10.18

Samrøystes godkjent av representantskapet.

Sak 21/18 Renovasjonsgebyr 2019

Uendra gebyr frå 2018 til 2019

I økonomiplanen for 2018-2021 var det kalkulert med at renovasjonsgebyret skulle auka med 1,4 % frå 2018 til 2019. Med dei prognosar som no ligg føre vil det vera mogleg å halda renovasjonsgebyret uendra.

Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjamningsfond

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 1 463 768 for 2019, som er tenkt finansiert av utjamningsfondet.

Resultat 2019	-452 000
+ Rentekostnader lån	251 531
- Renteinntekter bankinnskot	258 627
- Kalkulatorisk rentekostnad	1 004 671
= Sjølvkostresultat	-1 463 768

Ujamningsfondet er forventet å auka frå kr 1 391 887 per 01.01.2018 til kr 7 188 763 ved utgangen av budsjettåret, under føresetnad av resultatet for 2018 vert som budsjettert + vinsten på sal av gjenvinningsstasjonen i Knarvik.

Utjamningsfond 01.01.2018	1 391 887
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2018	1 532
Vinst sal av tomt til gjenvinningsstasjon i Knarvik	7 030 309
Kalkulert rente utjamningsfond 2018	71 163
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2019	-1 463 768
Kalkulert rente utjamningsfond 2019	157 639
Utjamningsfond 31.12.2019	7 188 763

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande renovasjonsgebyr (eks mva.) for hushald og hytter i 2019 (uendra frå 2018):

Renovasjonsgebyr 2019	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3 168,00	kr 2 768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3 488,00	kr 3 088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 808,00	kr 3 408,00
Hytterrenovasjon		kr 1 744,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Samrøystes tilrådd i styremøte 08.10.18

Samrøystes godkjent av representantskapet.

Sak 22/18 Slamgebyr 2019

Uendra gebyr frå 2018 til 2019

Ordinær tømning

I økonomiplanen for 2018-2021 går det fram at slamgebyret kan "haldast stabilt fram til 2021". Det har ikkje skjedd store kostnadsendringar sidan i fjor og det vert difor ikkje foreslege endringar i slamgebyr.

Det er budsjettert med kr 682 000 i underskot frå slam dersom gebyret vert halde uendra. For å finansiera dette kan ein nytta utjamningsfondet. Pris i parentes er for 2018.

Gebyr septikslam private	kr 792 (kr 792)
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320 (kr 320)

Naudtøming*/Ekstratøming**

Nokre kundar har trong for ekstra tøming utanom ordinær slamtøming. NGIR fakturerer kunden direkte for dette. Det har ikkje skjedd store kostnadsendingar sidan i fjor og det vert difor ikkje føreslege endringar i desse gebyra. Pris i parentes er for 2018.

Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995 (kr 2 995)
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990 (kr 5 990)
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524 (kr 524)
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047 (kr 1 047)

*Naudtøming er tøming som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømepplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtøming skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar.

**Ekstratøming er ikkje like akutt som naudtøming, og skal oppfylle følgjande kriteriar: Tøminga er utanom vanleg tømefrekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjamningsfond

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 701 929 for 2019, som er tenkt finansiert ved bruk av midlar frå utjamningsfondet:

Resultat 2019	-682 000
+ Rentekostnader	1 156
- Renteinntekter bankinnskot	5 960
- Kalkulatorisk rentekostnad	15 125
= Sjølvkostresultat	-701 929

Ujamningsfondet er venta å verta redusert frå kr 3 931 102 per 01.01.2018 til kr 2 675 238 ved utgongen av budsjettåret.

Utjamningsfond 01.01.2018	3 931 102
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2018	-666 085
Kalkulert rente utjamningsfond 2018	52 172
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2019	-701 929
Kalkulert rente utjamningsfond 2019	59 979
Budsjettert utjamningsfond 31.12.2019	2 675 238

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar eks. mva. for slam i 2019 (alle satsar uendra frå 2018):

Gebyr septikslam private	kr 792
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320
Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047

Samrøystes tilrådd i styremøte 08.10.18

Samrøystes godkjent av representantskapet.

Sak 23/18 Økonomiplan 2019-2022

Med utgangspunkt i økonomiplanen for 2018-2021 er det utarbeidd ein plan over korleis økonomien ser ut til å utvikla seg. Det er sett opp driftsbudsjett, investeringsbudsjett og forventa renovasjonsgebyr for åra 2019 til 2022. Det er også sett opp sjølvkostrekneskap og forventa utvikling av utjamningsfonda.

Det er viktig å merka seg at økonomiplanen er basert på mange usikre faktorar.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2019-2022.

Samrøystes tilrådd i styremøte 08.10.18

Samrøystes godkjent av representantskapet.

Kjevikdalen 29.10.18

Liv Anne Aanensen

Liv Anne Aanensen
-Representantskapsleiar-

Gro Kaland

Gro Kaland
-Representantskapsmedlem-

Rune Håvåg

Rune Håvåg
-Representantskapsmedlem-